

Det synet som møtte sjåfør Odd Rune Erslund i SIM då han tysdag føremiddag skulle henta hyttecontaineren på Børneset var ikkje hyggjeleg. Dyr og fuglar fråtsa i bos rundt containeren, melder Kvinnheringen.



Dette synet møtte Odd Rune Erslund tysdag føremiddag. (Foto: Kvinnheringen)

Eit assortert utval avfall låg strøyydd i området og holete plastposar synte at dyr og fuglar hadde vore på ferde.

Erslund undra seg over at folk ikkje kan kasta boset oppi containeren, som knapt var halvfull. Det er ikkje første gongen han må rydda opp rundt han. SIM-sjåføren veit ikkje om det er hyttefolk eller fastbuande som ikkje gidd å opne lukene og kasta boset på innsida.

På denne tida blir containeren tømt annankvar veke, men det kan bli slutt på det. Containeren kan bli dregen inn på gurnn av alt griseriet og ekstra-arbeidet, varsla Erslund.